



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Detaljregulering Turistknytepunkt Vanylven- 1 gangs høyring

Samandrag:

Norconsult AS har på vegne av Vanylven kommune utarbeida «Detaljreguleringsplan Turistknytepunkt Vanylven» i Åheim på eigedom 71/35 og 71/5. Område er avgrensa mellom fv.61, fv.620 og Åheimselva. Føremålet med planen å gjere Åheim til eit attraktiv turistknytepunkt. Ein ynskjer i område å legge til rette for at mindre firma og servicerelatert verksemder kan etablere seg saman med turistrelatert verksemder.

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune vedtek å leggje «Detaljreguleringsplan Turistknytepunkt Vanylven» (plan-ID: 202101) datert 22.03.22 ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-10. Høyringsfrist vert sett til 6 veke.

Vedlegg:

Dok 01_Planomtale_Turistknutepunkt_detaljregulering_22.03.2022
Dok 02_Føresegner_Turistknutepunkt_detaljregulering_22.03.2022
Dok 03_Plankart_Turistknutepunkt_detaljregulering_22.03.2022
Dok 04_ROS_Turistknutepunkt_detaljregulering_13.10.21
Vedlegg 1_geotekniske grunnundersøkelser_turistknutepunkt_25.06.2021
Vedlegg 2_Vurdering av områdestabilitet_turistknutepunkt_04.10.2021
Vedlegg 3_Stormflo og bølgeanalyse_turistknutepunkt_22.06.2021
Vedlegg 4_Flomvurdering Åheim_turistknutepunkt_18.08.2021
Vedlegg 5_Støyrappport_turistknutepunkt_06.10.2021
Vedlegg 6_Vurdering dyrka jord_utarbeida av Vanylven kommune_2021
Referat 16-03-2022 - Plannemndmøte Turistknutepunkt Vanylven

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Vanylven kommune vedtok i sak 86/20, i medhald av plan- og bygningslova § 12-3 og §12-8 at det vert starta opp detaljreguleringsarbeid for Thue-krysset. Kommunen varsla om igangsettinga av regulering gjennom brev, avisannonse og oppslag på heimesida si i april 2021. Høyringsfrista vart sett til 7 mai 2021. Seinare vart det vedteke å døype om namnet på detaljreguleringsplanen frå Thue krysset til Turistknutepunkt Vanylven.

Kommunen ynsker å gjere Åheimsområdet til eit attraktivt turistknutepunkt og vurderer området ved Thue-krysset til å ha stort potensial i denne samanhengen. Området skal bli den stoppestaden turistar vel på veg nord eller sør på fylkesveg 61 eller på veg til eller frå Stadlandet og Selje.

Kommunen ynsker å fråvike dei overordna føringane lagt i kommuneplanen som avseter dette området til landbruksformål, og i staden opne for næringsverksemd og turistrelatert næring. Planen medfører at ca. 5 daa dyrka mark blir omdisponert til utbyggingsformål.

Undervegs i planarbeidet vart misjonshuset seld til Berget Elektro, som har kjøpt bygget for å etablere næringsverksemd knytt til elektro. Firmaet er opptatt av den strategiske plasseringa.

Vanylven kommune jobbar som kjent med ein reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fylkesvegane i området og med ein detaljreguleringsplan for Åheim sentrum. Alle tre planane er sett i samanheng og tilpassa kvarandre slik at overgangane er saumlaus.

Under reguleringsprosessen har formannskapet i sak KO-127/21 bedt om at det er vorte sett ned ei nemnd som ser på moglege løysingar for å utvikle området. Her skulle grunneigarane i reguleringsområdet vere inkludert. Teknisk har samla utviklingsinteresserte og grunneigarar å avheldt planmøte den 16.03.2022. Følgjande vart konkludert på dette møte (jf. referat datert 16.03.2022);

- *Det vert føreslått å bygge eit kombinasjonsbygg/-område for Berget Elektro Invest AS og for turisme. Turistbygget bør ikkje plassert ved elva i siktlinja til husstand til Gyda.*
- *LNF-område vert etablert frå elvekant opp til areal regulert til turisme.*
- *Lastebilparkering går ut. Området vert for lite til eit slikt anlegg, samstundes som trafikkområde kan lite foreinast med trafikk av turistar.*

- *Norconsult teiknar eit forslag til plan utifrå desse skisserte prinsippa.*

På bakgrunn av desse slutningane er det utforma eit revidert reguleringsplan forslag, som legg nå til rette for å etablere «anna næring» på ca. halvparten av det området det var varsla oppstart av. Det er ynskeleg at mindre firma, slik som Berget Elektro og tilsvarende bedrifter med servicerelatert verksemd kan etablere seg her saman med turistrelatert verksemd som Norsk Olivinsenter, eller andre tilbod/servicefunksjonar for turistar. På turistknutepunktet kan det etablerast bygg med kontor, næring, beverting, utstilling, turistinformasjon, museum eller tilsvarende funksjonar med tilhøyrande opphaldsareal og sitjeplassar ute

Vurdering og konklusjon:

4 merknadar kom inn etter varsla oppstart våren 2021. Merknadene er oppsummert og kommentert i planomtale frå Norconsult.

Kommunedirektøren tilrår at planforslaget, slik det ligg føre, kan vedtakast og leggjast ut til offentlig ettersyn. Høyringsfrist, jf. plan- og bygningslova § 12-10, vert sett til 6 veker.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Konsekvensar for folkehelsa:
Miljøkonsekvensar:
Økonomiske konsekvensar:
Beredskapsmessige konsekvensar:
Konsekvensar for barn og unge:

Vurdering og konklusjon:

«Skriv her»

Likestillingsmessige sider ved saka:
Konsekvensar for folkehelsa:
Miljøkonsekvensar:
Økonomiske konsekvensar:
Beredskapsmessige konsekvensar:
Konsekvensar for barn og unge:

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør